

SKULEMÅLSTRIDEN I LÆRDAL KRING 1910

Etter lang og omfattande språkdebatt vedtok Stortinget i 1885 å sidestille riksmål og landsmål, offisielt nemnt som bokmål og nynorsk i 1929. Då følgde mykje strid rundt i landet, og verst var det i Lærdal. Der krangla dei på 1890-talet så busta føk. I 1908 vedtok skulestyret nynorsk som skulemål i 9 av 11 krinsar og då fekk striden nærast komiske former. Hærførar for bokmålet var distriktslege Møinichen, her kalla «bokmålslegen» eller «legen». Hærførar for nynorsken heitte Per Øvrevoll, her kalla «nynorskbonden» eller «bonden».

Det hende seg i Lærdal nokre år før skulestriden,
riksmålsfolket hadde henta sjølve Bjørnson for si sak.
Og gubben sparte ikkje nett på krutet eller fliden,
nei han buldra fram på høvdingvis med veldig skak og brak.
Folket ville gjerne takke denne bauta av ein mann,
ikkje nett med «Ja, vi elsker», men «Gud signe Noregs land»
og så la dei til ein visestubb om «Målet hennar mor»,
då vart brumlebamsen eksplosiv, tok hatten sin, og fór.

I skulestyret lot dei kvar ein krins få velje målet,
men det hjelpste ikkje mykje, det vart illt ved fyrste val;
eit styre delt på midten er langt meir enn ein kan tole
då det synte seg at trekning gav ein nynorsk general.
Mannen var kan hende litt for kry og full av overmot,
for han tumla rett i bakken med ein ille faren fot,
då kom legen til og sendte`n heim og vekevis i seng,
no låg alt til rette for eit kupp og rettelegt refreng.

Men nynorskbonden visste råd og mista ikkje motet
for han hadde tatt med møtebok og nøkkelen i seng,
så legen måtte kjøpe ny og ordne opp i rotet,
men han samla sine vener og vart vald i same sleng.
Men då skreik dei opp, dei andre, orda hagla mest som krut,
og ei ku vart nekta sengekos, for hin var **bokmålsstut**.
Så då sende dei på embesmenn og skuledirektør
og det gamle der i dalen skulle neppe bli som før.

No gjekk det meste heilt i stå og alle råd var dyre,
slik at Staten sette foten ned og kravde ting på plass,
men legen konfiskerte alle brev til skulestyret,
og ein nøkkel låg i løyndom trygt plassert i ein madrass.
Mange flaug og knota til og frå, i skule og privat,
hissig strid og mannajamning, skitne triks og attentat.
Ting tar tid når sår skal lækjast etter langsint nabo-gru;
siste krinsen fall på plass i folden nitten-førtisju!



FREDDIE LANGRIND

**Godtfolk, merk dykk hendingas moral:
Vil du unngå styr og bal ... ikkje kødd med folk frå Lærdal!**